

23.10.2010

## Bra besøk på salskafeen til AFA



Truleg var det nok mindre besøk enn i fjor på den årlege salskafeen til AFA som vart avvikla i dag, Konkurrerande arrangement på Husnes og i Omvikdalen spela nok inn.  
Men det var jevnt bra oppslutnad,  
allereie frå opninga klokka 10.30.  
Det var all grunn til å vera imponert over dei allsidige produkta.,

I tillegg til alle dei 'mjuke artiklane' som vi har omtala før var det også interessant trearbeid, til dømes eit villmarksett med bord og to benker, barnekrakk, barnebenk og garnkasse.

Stor interesse fanga også dei eksklusive ryene, laga av 100 posent ull.  
Under salskafeen vart også nytrykte koppar presentert.

Det sosiale ved arrangementet kan elles ikkje vurderast høgt nok.  
Som i fjor stod risgrautgryta på for full stim  
og Inger Naterstad hadde kokt 25 liter då uskedalen.no var innom.  
Mange nytta høvet til å eta  
i AFA denne dagen. Det gjorde til og med naboar til verksemda  
og betre reklame kan den truleg ikkje få!

Over studerer Betsy Sunde nokre av produkta medan Inger Naterstad kokar graut under.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

